



# Sund Sokneblad

Nr. 5

30. oktober 2019  
Årg. 88



På Hausttakkefesten i Kausland kyrkje 6. oktober viste ein fram både frukt og grønsaker, ja jamvel syltetøy var med. Dette var døme på

alt vi har å takka for når det gjeld det vi kan hauste frå jorda.

Sistesida

## Kyrkjevalet

Vi har med resultatet av kyrkjevalet i Sund, kven som skal sitja i det nye Soknerådet og kven som er varafolk. Valdeltakinga var på 12%.

side 3

## Konfirmantane

Konfirmantane for 2019/20 vart presenterte i ei gudstene-neste i Kausland kyrkje (ytre Sund) og ei i Sund kyrkje (indre Sund). Vi har namna på dei

side 4

## Medarbeidarane

Når dei tre kommunane slår seg saman til ein kommune, vil også dei kyrkjelege fellesråda bli slegne saman. Dermed blir det mange nye og gamle namn å halda orden på. Vi har eit oversyn over alle

side 6-11

## Astrid Fylling

Astrid Fylling er den nye leiaren for diakonitenesta i det nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Ho vert presentert

side 12

## Boost!

Kvar tysdag kl. 18.30 - 21.30 møtest ungdomar frå 15 år til over 20 år til Boost, anten i kyrkjekjellaren eller i kyrkje-lydhuset på Kausland. Her ét dei middag, spelar ulike spel, eller kanskje dei drar på tur. Meir om Boost

side 18

## Pastoralt perspektiv

### ÅNDELEG LEIARSKAP

Sund sokn har valt nytt sokneråd!

9. september peika vi ut kven vi ynskjer skal leia kyrkjelyden vår dei neste 4 åra. Og det nyvalde rådet har eit åndeleg leiaransvar og skal utøva åndeleg leiarskap – både utfrå eit indre kall (som døypte) og eit ytre kall (som valde)!

Og påminninga som er gitt til heile kyrkjelyden/heile Guds folk kan vera godt å ta med seg på startstrekken: «De er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som Gud har vunne så de skal forkynna hans storverk, han som kalla dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys». (1 Pet 2,9)

Det nyvalde soknerådet tek plass ved bordet og konstituerer seg 24. oktober. Og dei må sjølv sagt få nødvendig arbeidsro til å drøfta vegen vidare...

Men allereie no dristar underteikna seg til å koma med følgjande utfordring til våre nye leiatar:

- Våg å leia!
- Våg å vera tydeleg!
- Våg å peika på Jesus!
- Våg å bekrefte mennesker!
- Våg å utfordra mennesker!
- Våg å ikkje kunne gjera alle til lags!
- Våg å satsa på nåden!
- Våg å gå føre oss på kyrkjeveg!

Lista kunne sikkert ha vore lengre, men poenget er å oppmoda og oppmuntra våre nye leiatar til å gå føre oss og leia oss til Kristus!

Og kanskje dette kan vera sjølve testspørsmålet for åndeleg leiarskap: Leier vi små og store til Kristus? Finn dei Jesus der vi peikar?

Vårt sokneråd har ikkje lenger funksjon som Fellesråd. Økonomi, bygg, personell osv. er det andre som tek seg av. Dermed kan soknerådet bruka alle sine krefter på å sjå til at kyrkjelyden får høyra Guds Ord klart og utfordrande, til vekkjing og næring for tru og liv (jfr Kyrkjelova § 9)!

Lat oss difor omslutta våre nye leiatar med forbøn og oppmuntring!

Må Gud gje Sund sokneråd nåde, kraft og frimod til å utøva åndeleg leiarskap, Gud til ære og oss til gagn!

Kjell-Asle Børnes

### Velkommen til gudsteneste

#### 03. november – Allehelgensdag – Jes 60,18-22

KAUSLAND kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Hildegunn B. Myklebust.

Nattverd

Takkoffer: Kirkens SOS

*Song: Sund Blandakor*

*Vi minnest og tenner lys for dei som er gravlagde sidan førre Allehelgensdag.*

#### 10. november – 22. søndag i treeiningstida – Luk 10,25-37

SUND kyrkje kl. 11:00 Songgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Stefanusalliansen

*«Boost» deltek.*

SØNDAGSSKULE!

#### 17. november – 23. søndag i treeiningstida – Matt 24,35-44

KAUSLAND kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Israelsmisjonen

#### 24. november – Kristi Kongedag – Joh 9,39-41

SUND kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.

Dåp og Nattverd

*Song: Sund Blandakor*

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

#### 01. desember – 1. søndag i adventstida – Matt 21,1-11

SUND kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen.

Dåp

*LysVaken-gjengen deltek*

Takkoffer: Stjernekoret/Betweenskoret

#### 08. desember – 2. søndag i adventstida – Joh 14,1-4

KAUSLAND kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftest kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er uteigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjekunngjering - Indre Sund**

Kontaktperson: Arne Dåvøy - tlf. 936 10 773

## Valresultata ved kyrkjevalet 2019

Her kan du sjå kven som er valt til Sund sokneråd.

Frammøteporsent i Sund sokn: 12 %

Dei nye sokneråda konstituerer seg ut på hausten der dei mellom anna vel leiar og nestleiar i rådet.

### Dette seier kyrkjelova § 9

om primæroppgåva til sokne-rådet: Menighetsrådet skal ha sin oppmerksamhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv

i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkjent, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.



Gunnar Langeland

## Gunnar Langeland gått av med pensjon

Kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar i Sund, Gunnar Langeland, gjekk av med pensjon ved utgangen av september. Gunnar starta i vikariat som kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar våren 2004. Frå september 2004 hadde han 70 % fast stilling, frå september 2005 80 % fast stilling, somrane 2008 og 2009 var han sommarvikar i 20 % stilling. Frå juni i 2010 hadde han 100 % stilling. Heile tida har stillingstittelen vore kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar.

Gunnar vart takka av under ei stabs-samling i slutten av september.

Me takkar Gunnar for tenesta og vel utført arbeid og ønskjer alt godt for dagane som kjem.

*Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje*

## Faste medlemer innvalt i rekkefølge:



1. Jan Tveit



5. Liv Marit Sangolt



2. Linda Beate  
Nesse Dalseide



6. Tone Hatlelid



3. Karen Helen Boga



7. Bente Aase



4. Svein Marius  
Myklebust



8. Oddveig Margrethe  
Skoge

## Varamedlemer innvalt i rekkefølge:



1. Fredrik Andreas  
Mortensen



4. Paul Richard Kauffman



2. Arne Magnus Dåvøy



5. Berit Marie Nygård



3. Kenneth André  
Giskegjerde



Jan Tommy Fosse

## Ny prost i Vesthordland

Jan Tommy Fosse er tilsett av Bjørgvin bispedømeråd som prost i Vesthordland prosti, etter Erling Kopperud som går av med pensjon no i haust.

Fosse kjem frå stillinga som utanlandssjef i Sjømannskirken. Han tek til som prost 1. mars 2020.

Jan Tommy Fosse vert nærmare presentert i ei seinare utgåve av kyrkjebladet.

# Presentasjon av konfirmantane



**33 konfirmantar i ytre Sund**, presenterte i Kausland kyrkje søndag 8. september.

FOTO: OLAI OTTERÅ

Adrian Vetle Haugsdal, Benjamin Haugetun-Telle, Celine Birkeland Nilsen, Even Hamre, Even Øvretveit Mortensen, Gabriella Heide-Neverdal, Helena Nordstrand, Helena Desirè Breivik Kvilstaug, Henrik Kalgraff Aasheim, Idar Andre Solheim, Isak Ekerhovd Telle, Jon Martin Fjellanger Vardøy, Kristoffer Telle Bruvik, Leo Kausland, Madeleine Kvam Andresen, Magnus Glesnes Stensvoll, Maren Mjøs Singstad, Marthe Skråmestø Leknes,

Mathias Emil Moldeklev Rogne, Mathilde Kolbeinsvik, Mathilde Sætre Glesnes, Noah Boga Ekse, Noah Rabben Olsen, Oline Mari Solheim, Oliver Elias Straume, Patrick Kausland, Renate Haugsdal, Robin Severin Thorgersen Solvang, Ronja Lekven Bruvik, Sara Horgen Toft, Sara Marie Finsås, Silje-Kristin T. Melkevik, Ådne Glesnes Mæland.



**36 konfirmantar i indre Sund**, presenterte i Sund kyrkje søndag 15. september.

FOTO: OLAI OTTERÅ

Adrian Johannessen, Amalie Tofterå Glesnes, Andreas Gaupholm, Brage Ellertsen, Emma Birgitta Nilsson, Even Bruaas Gjertsen, Hannah Elise Førdeidal, Hannah Emilia Houge-Lundekvam, Herman Steinsland, Ida Kvammen Rosendal, Ingeborg Marie Bowers, Ingrid Kobbekvik Fjellanger, Ingrid Rokkan, Joachim Hammersland, Kristoffer Forland Rong, Kristoffer Gullaksen Sekkingstad, Lenea Hetlevik Vabø, Martine Økland

Samland, Martine Grostad Vilhelmsen, Mathilde Asphaug, Mats Marius Samland Løland, Mia Weiron Pettersen, Ole Henriksen Berthelsen, Ole-Einar Hamre Håkonsund, Sarah Olsen Grotle, Sean Christopher Karlsen, Sigrid Margrete Menes Førde, Silje Ulvøen, Simon Hufthammer Øvretveit, Susanne Hagenes Skoge, Thea Førde Vigsø, Thea Asphaug, Thea Lokøy, Thea Elisabeth Sande, Theodor Thormodsen Tellnes, Tiril Gullaksen Wiese.

# Bønevandring i Sund kyrkje

Søndag 29. september var det bønegudstjeneste i Sund kyrkje. Det er i utgangspunktet i vanleg gudsteneste berre med den endringa at etter preika får kyrkjelyden bevega seg fritt rundt i kyrkja. Det er på dette stadiet at bønevandringa tek til.

Rundt om i kyrkja er det laga til nokre stasjonar som kyrkjelyden kan besøkja. Framme i kyrkja er krossen stilt opp. Attmed den ligg det nokre steinar, og dei som har lyst til å «leggja av ei bør» kan leggja ein Stein ved krossen.

Ein kan også tenna eit lys i lysgloben. Mange nytta seg av dette tilboden. Eit ekstra bord med te-lys var sett opp i tilfelle det ikkje var nok lys i globen, og det viste seg at nokre av te-lysa måtte brukast.



Eit ekstra bord med te-lys måtte til for å fylla behovet for lys ved lysgloben.

Mange var det også som nytta seg av høvet til å skriva ein bønelapp som dei kunne leggja i ei skål bak i kyrkja. Etter denne avdelinga i gudstenesta vart skåla med bønelappar boren fram til presten som tok lappane med i bøna.

Det var også høve til å nytta bønevandringa til å gå rundt altaret og gje ei takkoffergåve til Norsk Lærerakademi. Eller ein kunne bli sitjande i benkane utan å nytta seg av dei nemnde tilboda.

Borghild Hustad Berge gledde kyrkjelyden med song i denne gudstenesta, akkompangert på flygelet av Irina Tarasova.

*Olai Otterå*



Ved krossen kunne ein symbolsk leggja av ei bør i form av ein liten stein.



Borghild Hustad Berge song fleire songar i denne gudstenesta, akkompangert på flygelet av Irina Tarasova.



Bak i kyrkja var det sett opp eit bord der ein kunna skriva ein bønelapp og leggja i ei skål som etterpå vart boren fram til presten og teken med i ei bøn.

# Presentasjon av medarbeidarane i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd

*Vision:* Nær Gud,  
nær menneske

*Verdiar:* Takknemleg, tenande, frimodig

## Overordna leiing



**Olav Martin Vik**

Alder: 63 år

Stilling: Kyrkjeverje

Stillingsprosent: 100

Ansvarsområde:

Overordna ansvar og leiing for verksemda (ikkje for prestane).



**Borghild Hustad Berge**

Alder: 48 år

Stilling: Assisterande  
kyrkjeverje/  
seksjonsleiar

administrasjon og økonomi

Stillingsprosent: 100

Ansvarsområde: Administrasjon og  
økonomi

Team: Leiar for Foldnes sokneteam



**Annlaug Børve**

Alder: 49 år

Stilling: Personalleiar

Stillingsprosent: 100

Ansvarsområde:

Overordna personalansvar og  
organisasjonsutvikling.

Team: Leiar for Landro sokneteam

## Informasjonsavdeling



**Yngvild Mørner Sørheim**

Alder: 29 år

Stilling:

Informasjonskonsulent

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Kyrkjeblad, nettside, kunngjeringar og grafisk utforming av informasjonsmateriell.

Team: Stillinga er ikkje knytt til team

## Seksjonar

Dei tilsette vert organiser i fem seksjonar som arbeider på tvers av soknegrensene, og som skal ha omsorg for heilskapen i det kyrkjelege arbeidet i fellesrådsområdet.

Kvar seksjon har ein seksjonsleiar. Seksjonsleiarane har ansvar for å innarbeide fellesrådet sin visjon og verdiar mellom dei tilsette i seksjonen, dei har det overordna faglege ansvaret for seksjonen, og dei har personalansvar for dei tilsette innan sin seksjon. Seksjonsleiarane og personalleiar har også ei rolle som teamleiarar for kvart sitt sokneteam. Kyrkjeverja, seksjonsleiarane, personalleiar og koordinerande sokneprest utgjer saman kyrkjeverja si leiargruppe.

## Sokneteam

Sokneteama er tverrfaglege team av tilsette som skal ha særskilt omsorg for arbeidet i kvart av dei fem sokna i fellesrådsområdet. Den enkelte tilsette får ei hovudtilknyting til eitt, og for enkelte tilsette to sokn. Det vert også etablert eit team knytt til kyrkjegardsarbeidet.

Kvart av sokneteama vert saman med sokneprestane leia av ein sokneteamleiar. Sokneteamleiarane sine oppgåver vil vere å koordinere dei fellesrådstilsette i teamet, og sjå til at sokneteamet prioriterer arbeidet sitt i tråd med planar og vedtak både for fellesråd og sokneråd. Dei skal også vurdere kva ressursar som er naudsynte for gjennomføring av ulike tiltak, og sørge for ein tett og god dialog med sokneråda.

## Seksjon for administrasjon og økonomi

### Primæroppgåve

Administrasjonen skal utføre det administrative arbeidet i fellesrådsområdet i tråd med vedtekne planar og gjeldande regelverk. Dei skal levere kvalitativt gode tenester til brukarane våre. Saman med prestane og seksjonsleiarane skal dei legge administrativt til rette for kyrkjelege handlingar som gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Så langt det er mogleg og tenleg skal administrasjonen dekke behov for administrative tenester i seksjonane, i prestetenesta og i sokna. Seksjonsleiar: Borghild Hustad Berge.



**Rebekka Louise Sandøy Johannesen**

Alder: 30 år

Stilling: Kontorsekretær

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Resepsjonsteneste, posthandtering og arkivarbeid.

Administrativt arbeid. Innkjøpsansvarleg på kyrkjekontoret.

Team: Stillinga er ikkje knytt til team



**Siren Nordbø**

Alder: 47 år

Stilling: Økonomi- og personalkonsulent

Stillingsprosent: 60

Arbeidsoppgåver: Økonomiarbeid for fellesrådet, personalarbeid og arkivarbeid.

Team: Stillinga er ikkje knytt til team



**Line Steinsland Mosnes**

Alder: 52 år

Stilling: Administrasjonskonsulent

Stillingsprosent: 50

Arbeidsoppgåver: Sakshandsaming og økonomiarbeid for Foldnes og Landro sokneråd.

Team: Landro og Foldnes



**Kari Ragne Sandøy Rong**

Alder: 53 år

Stilling: Administrasjonskonsulent

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Ansvar for å koordinere resepsjonstenesta. Sakshandsaming og økonomiarbeid for Hjelme og Blomvåg sokneråd. Administrativt arbeid i samband med avtalar om dåp og dåpskurs.

Team: Hjelme og Blomvåg



**Tove Olene Foss Solvang**

Alder: 53 år

Stilling: Administrasjonskonsulent

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Sakshandsaming og økonomiarbeid for Sund og Fjell sokneråd. Administrativt arbeid. Arbeid med bemanningsplanar.

Team: Fjell og Sund



**Seksjonsleiar:  
Norvald Snekklevik**

Alder: 61 år

Stillingsprosent: 100

Team: Teamleiar for kyrkjegardsteamet

## Seksjon for kyrkjer og gravplassar

### Primæroppgåve:

Arbeide for at bygg og anlegg i fellesrådsområdet vert ivaretakne og drivne i samsvar med krav i lover og forskrifter. Sjå til at kyrkjene er klare til gudstenester, bryllaup, gravferder og andre arrangement. Sørge for at gravplassane ver ein god stad for sorgjande og besökande å komme til. Stå til teneste for dei menneska som oppsøkjer kyrkjene og på gravplassane.



**Rolf Oksnes**

Alder: 58 år

Stilling: Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Graving og vedlikehald av gravplassar.

Team: Sund og kyrkjegardsteamet



**Janesh Ameny**

Alder: 60 år

Stilling: Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Graving og vedlikehald av gravplassar.

Team: Landro og kyrkjegardsteamet



**Kåre Kristoffersen**

Alder: 71 år

Stilling: Kyrkjegardsarbeidar

Stillingsprosent: 40

Arbeidsoppgåver: Graving og vedlikehald av gravplassar.

Team: Kyrkjegardsteamet

**Torstein Vassnes****Alder:** 36 år**Stilling:**

Kyrkjegardsarbeidar

**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:** Graving og vedlikehald av gravplassar. Hovudansvar for vedlikehald av bilar, maskinar og utstyr.

**Team:** Kyrkjegardsteamet**Vegard Lynglund****Alder:** 25 år**Stilling:** Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Vedlikehald av gravplassar.

**Team:** Landro og kyrkjegardsteamet**Lorentz Skumsnes****Alder:** 63 år**Stilling:**

Kyrkjegardsarbeidar

**Stillingsprosent:** 60

**Arbeidsoppgåver:** Graving og vedlikehald av gravplassar. Vedlikehaldsansvar for kyrkjebygg.

**Team:** Kyrkjegardsteamet**Kari Synnøve Bekkenes****Alder:** 55 år**Stilling:** Kyrkjetenar**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:**

Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Hjelme og Blomvåg**Ingjerd Hauge Johansen****Alder:** 62 år**Stilling:** Kyrkjetenar/sekretær**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja. Ansvar for gravregistrering og festebrev.

**Team:** Foldnes**Ingalis Apelthun Malmo****Alder:** 66 år**Stilling:** Kyrkjetenar**Stillingsprosent:** 60**Arbeidsoppgåver:**

Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Fjell**Janne-Lin Fjeld Andersen****Alder:** 27 år**Stilling:** Helgekyrkjetenar i Fjell kyrkje  
**Stillingsprosent:** 5

**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Fjell**Martin Børnes****Alder:** 19 år**Stilling:** Helgekyrkjetenar i Sund kyrkje  
**Stillingsprosent:** 5

**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Sund**Ole-Jakob Golten Pettersen****Alder:** 18 år**Stilling:** Helgekyrkjetenar i Kausland kyrkje**Stillingsprosent:** 5

**Arbeidsoppgåver:** Klargjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

**Team:** Sund

## Seksjon for barn og unge:

**Primæroppgåve:**

Gje alle døpte og tilhøyrande 0-18 år tilbod om grunnleggjande opplæring i kristen tru og tradisjon i samsvar med lokalt fastsette planar. Jobbe tverrfagleg og saman med frivillige for å styrke og utvikle det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i lokalkyrkjelyden. Arbeide for at barn og ungdom i kyrkjelyden opplever seg elska av Gud, at dei vert grunnfesta i den kristne trua, inkludert i fellesskapet i kyrkja, disipelpolgjort til å følgje Jesus gjennom kristne praksisar, og utsendt til eit liv i tru, håp og kjærleik, lokalt og globalt. Utvikle og styrke møtepunkta mellom kyrkja og skulane, og mellom kyrkja og barnehagane.

**Rannveig Vestbøstad Vik****Alder:** 44 år**Stilling:** Seksjonsleiar barn og unge/Kateket I  
(vikar til 01.09.2020)

Permisjon frå fast stilling som kateket II

**Stillingsprosent:** 80.

**Team:** Leiar for Hjelme og Blomvåg sokneteam

**Dag Reidmar Pettersen****Alder:** 43 år**Stilling:** Kyrkjelydspedagog  
**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:** Gudstenester. Drive trusopplæring for barn og unge 0-18 år. Arbeide med ulike trusopplæringstiltak, konfirmantar, ungdomsklubb, skule-kyrkje samarbeid.

**Team:** Sund**Hogne Berland****Alder:** 35 år**Stilling:** Kyrkjelydspedagog  
**Stillingsprosent:** 100

**Arbeidsoppgåver:** Drive trusopplæring for barn og unge 0-18 år. Arbeide med trusopplæringstiltak, konfirmantar, leiartrening, klubbarbeid, leirar, skule-kyrkje samarbeid, barnehage-kyrkje-samarbeid, gudstenester.

**Team:** Hjelme og Blomvåg
**Seksjonsleiar barn og unge/Kateket I:  
Mildred Fjøren Heggernes**
**Alder:** 40 år**Stillingsprosent:** 100  
(permisjon til 01.09.2020)

**Kari Burke-Romarheim****Alder:** 40 år**Stilling:**Trusopplæringsleiar Fjell,  
Landro og Foldnes sokn**Stillingsprosent:** 80**Arbeidsoppgåver:** Leie og utvikle T-dagen, trusopplæringsprogrammet i Fjell, Foldnes og Landro sokn. Leie T-teamet og T-dagane, konfirmantarbeid og arbeid på KM KLUZZ.**Team:** Landro**Elisabeth Møll Jung****Alder:** 50 år**Stilling:**Kyrkjelydspedagog  
**Stillingsprosent:** 70**Arbeidsoppgåver:** T-dagane, konfirmantarbeid, skule-kyrkje samarbeid, barnehage-kyrkje-samarbeid.  
**Team:** Foldnes**Søgneie Lillevik Nilsen****Alder:** 47 år**Stilling:**Kyrkjelydspedagog  
**Stillingsprosent:** 60**Arbeidsoppgåver:** T-dagane, tweens, leiartrening ungdom(MILK) , skule-kyrkje samarbeid, barnehage-kyrkje-samarbeid.  
**Team:** Fjell**Beate Sørhus****Alder:** 34 år**Stilling:**Kyrkjelydspedagog  
**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Konfirmantarbeid, konfirmantadministrasjon, t-dagar, tensing, skule-kyrkje-samarbeid, leiartrening.**Team:** Foldnes**Eivind Kausland Lie****Alder:** 33 år**Stilling:**Kyrkjelydsarbeidar  
**Stillingsprosent:** 50**Arbeidsoppgåver:** Konfirmantarbeid, klubb, musikk og forkynning innan korarbeid, diakoni og trusopplæring**Team:** Landro**Maria Andersen Stokke****Alder:** 24 år**Stilling:**Ungdomsarbeidar  
**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Konfirmantarbeid, leiartrening, gudstenester og tweens. Leie team Ungdom i Kyrkja i Øygarden.**Team:** Sund og Fjell**Lill Grete Stranda****Rossnes****Alder:** 24 år**Stilling:**

Kyrkjelydsarbeidar

**Stillingsprosent:** 20**Arbeidsoppgåver:** Leiartrening for ungdom, bibelgrupper og leifarbeid.**Team:** Hjelme og Blomvåg**Mathilde Karin Dale****Alder:** 26 år**Stilling:**Kyrkjelydsarbeidar/  
helgekyrkjetenar**Stillingsprosent:** 55**Arbeidsoppgåver:** Konfirmantarbeid, leifar, barneklubar og bibelgrupper. Gjere tenester i kyrkja.**Team:** Hjelme og Blomvåg**Matilde Solsvik****Alder:** 20 år**Stilling:**Ungdomsarbeidar  
**Stillingsprosent:** 35**Arbeidsoppgåver:** Konfirmantarbeid, leifar, klubb, korarbeid, bibelgrupper.**Team:** Landro og Hjelme og Blomvåg**Magnus Krogh****Alder:** 21 år**Stilling:**

Ungdomsarbeidar

**Stillingsprosent:** 30**Arbeidsoppgåver:** Ansvar for ungdomsklubb (Ungdomslørdag), tensing, leiartrening, leifar og bibelgrupper.**Team:** Foldnes**Ragnhild Nilsen****Alder:** 21 år**Stilling:**

Ungdomsarbeidar

**Stillingsprosent:** 30**Arbeidsoppgåver:** Konfirmantarbeid, ansvar for tweens, klubb, leiartrening, leifar og bibelgrupper.**Team:** Fjell**Anne Ludvigsen Kaldestad****Alder:** 57 år**Stilling:**Pedagogisk leiar/  
rettleiar**Stillingsprosent:** 100**Arbeidsoppgåver:** Leie arbeidet med å utvikle skule-kyrkje-og barnehage-kyrkje-samarbeidet i kommunen.**Medarbeidarskap, leiartrening og medarbeidar-rettleiing.****Team:** Arbeidet går på tvers av alle sokna, og stillinga er ikkje knytt mot eitt enkelt sokneteam.

## Seksjon for kyrkjemusikk:

### Primæroppgåve:

Ta vare på dei kyrkjemusikalske verdiane, og sikre breidde og kvalitet i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelydane. Utdjupa kyrkja sin bodskap gjennom profesjonell og involverande musikkformidling i gudstenester, kyrklege handlingar, trusopplæring og konserter.



**Aasmund Brekke**

Alder: 53 år

Stilling: Organist

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver:

Musikalsk ansvar i Foldnes sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup, gravferder og andre arrangement i kyrkja. Barnekor og konserter. Sekretær for kyrkjemusikkutvalet.

Team: Foldnes



**Eline Olsen**

Alder: 47 år

Stilling: Kantor

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver:

Musikalsk ansvar i Landro sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup, gravferder, andre arrangement i kyrkja og på institusjonsgudstenester. Arbeid med kor og konserter.

Team: Landro



**Seksjonsleiar:**  
**Olav Sørheim**

Alder: 66 år

Stillingsprosent: 100

Team: Leiar for Fjell sokneteam



**Anne Lise Grøm**

Alder: 66 år

Stilling: Kantor

Stillingsprosent: 80

Sluttar 1. januar 2020.

Arbeidsoppgåver: Musikalsk ansvar i Hjelme og Blomvåg sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup og gravferder, andre arrangement i kyrkja og på institusjonsandaktar. Arbeid med kor og konserter.

Team: Hjelme og Blomvåg



**Irina Tarasova**

Alder: 35 år

Stilling: Kantor

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver:

Musikalsk ansvar i Sund sokn. Speling ved gudstenester, bryllaup og gravferder, andre arrangement i kyrkja og på institusjonsandaktar. Arbeid med kor og konserter. Ansvar for HMT i seksjonen

Team: Sund



**John Solsvik**

Alder: 68 år

Stilling: Organist

Stillingsprosent: 40

Vikar

Arbeidsoppgåver: Spele ved gudstenester, bryllaup og gravferder og på andre arrangement i kyrkja.

Team: Hjelme og Blomvåg



**Seksjonsleiar:**  
**Astrid Fylling**

Alder: 61 år

Stillingsprosent: 100

Team: Leiar for Sund sokneteam

## Seksjon for diakoni:

### Primæroppgåve:

Sjå til at kyrkja har ei fungerande omsorgsteneste. Leggje til rette for og fremje nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.



**Ellen Ebbesvik**

Alder: 64 år

Stilling:

Diakonimedarbeidar/  
kyrkjetnar

Stillingsprosent: 100

Arbeidsoppgåver: Eldretreff, førebyggande og oppsøkande arbeid overfor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte. Klar-gjere, halde orden og gjere tenester i kyrkja.

Team: Hjelme og Blomvåg



**Hildegunn Børnes  
Myklebust**

Alder: 50 år

Stilling:

Diakonimedarbeidar

Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Førebyggande og oppsøkande arbeid overfor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte, med særleg fokus på barn og unge.

Team: Sund



**Bjørg Hindenes Blom**

Alder: 64 år

Stilling:

Diakonimedarbeidar  
Stillingsprosent: 50

Sluttar 31. desember 2019

Arbeidsoppgåver: Formiddagstreff, førebyggande og oppsøkande arbeid overfor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte.

Team: Hjelme og Blomvåg

## Sokneprestar og prostiprestar:

Sokneprestar og prostiprestar vert leia av prosten i Vesthordland prosti.



**Espen Tveten**

Alder: 45 år  
Sokn: Øygarden



**Bjarte Nese**

Alder: 41 år  
Sokn: Landro



**Maria Tveten**

Alder: 41 år  
Sokn: Foldnes



**Kristin Hjertaker**

Alder: 51 år  
Sokn: Fjell  
(Vikar tom. 30.11.19)



**Kjell-Asle Børnes**

Alder: 53 år  
Sokn: Sund



**Knut Kaldestad**

Alder: 64 år  
Stilling: Prostiprest



**Michal Møgster**

Alder: 60 år  
Stilling: Prostiprest

## Basecamp:

Basecamp er ei eiga forening som er eigd av kommunen, Sartor Storsenter og kyrkja. Medarbeidarane er tilsett i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd.

### Primær oppgåve:

Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak er eit rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak for ungdom mellom 13 og 25 år på Sartor Storsenter i Fjell kommune. Målgruppa er ungdom som oppheld seg mykje på Sartor Storsenter og ikkje deltek i organisert ungdomsarbeid. Visjonen vår er å hjelpe ungdomar til å nå draumen om eit godt liv.



**Renate Olsen**

Alder: 42 år  
Stilling: Miljøarbeidar  
Stillingsprosent: 45  
Arbeidsoppgåver:

Miljøarbeid, samtalar, rettleiing, oppsøkjande arbeid og oppfølging av ungdomar.



**Eli Skjerping**

Alder: 54 år  
Stilling: Medvandrar  
Basecamp  
Stillingsprosent: 67,5  
Arbeidsoppgåver:

Miljøarbeid, samtalar, rettleiing, oppsøkjande arbeid og oppfølging av ungdomar.



**Seksjonsleiar:**

**Jon Andreas Tjentland**

Alder: 31 år  
Stillingsprosent: 100



**Raymond Riise**

Alder: 55 år  
Stilling: Mekanikar og motivator  
Stillingsprosent: 100  
Arbeidsoppgåver:

Lærar i sykkelreparatørfaget, dagleg drift av sykkelverkstaden og oppfølging av ungdomar.



**Ida Pettersen**

Alder: 26 år  
Stilling: Rettleiar og redesignar  
Stillingsprosent: 80

Arbeidsoppgåver: Lærar i redesign, dagleg drift av redesignavdelinga, ansvar for Basecamp RePro sitt samtaleprogram og oppfølging av ungdomane på Basecamp RePro.



**Alexander Espeland**

Alder: 29 år  
Stilling: Miljøarbeider  
Stillingsprosent: 75  
Arbeidsoppgåver:

Miljøarbeid, samtalar, rettleiing, oppsøkjande arbeid og oppfølging av ungdomar.

# Velkommen til Astrid Fylling som leiar av diakonitenesta

**Vi ynskjer Astrid Fylling velkommen som leiar av diakonitenesta i nye Øygarden kyrkjelege Fellesråd. Ho tek over etter at Torbjørn Fjøren gjekk av med pensjon i sommar.**

## Kven er Astrid Fylling?

Eg er ei 61 år gammal kvinne, gift, 3 born og 4 barneborn. Eg har bak meg eit liv mange omskiftingar, særsla ulike utfordringar, og erfaringar som pregar meg og min måte å tenke på. Eg har hatt veldig ulike jobbar som har utfordra meg og gjeve meg nye



Astrid Fylling (Foto: Privat)

visionar og innsikt. Eg trur på menneske og vil at det skal være mogleg for alle å få være del av eit fellesskap viss dei vil.

## Kva er ditt forhold til kommunane Fjell, Sund og Øygarden?

Eg har budd i Fjell i 14 år før vi kom attende i 2018. Eg trivst på Kolltveit saman med Harald. Vi bur i hans barndomsheim. Då vi budde her frå 1997 – 2011, jobba eg i Bergen og var ikkje så involvert i ting lokalt, med unntak av kyrkjelydsarbeid og gudstenestedeltaking. Fjell er ein god kommune å bu i. Eg ser også fram til at vi alle skal bu i Øygarden, det er eit av dei vakraste kommunenamna eg kan tenke meg.

## Kvifor vart du diakon?

### Var det eit kall?

Eg vart utdanna sjukepleiar på Diakonis- sehuset Lovisenberg i Oslo. Eg hadde vore opptatt av Diakonisshuset i mange år etter at vi hadde hatt besøk heim av nokre diakonisser. Etter sjukepleiarutdanninga, tok eg diakonutdanninga på diakonihøgskulen. Etter kvart vart identiteten som diakon sterkeare og sterkeare og vart til kallet i mitt liv.

## Du har vore misjonær.

### Korleis pregar det deg?

Å vere misjonær er annleis enn mykje anna. Eg lært mykje dei åra vi var i Mali. Både respekt for andre si tru og måte å tru på, å vere audmjuk i møte med menneske sine liv. Eg måtte kommunisera med menneske med ein annan kultur enn min og såg etter kvart min eigen kultur litt frå utsida. Mykje av våre prioriteringar, det vi legg vekt på, både i trua og livet, er prega av vår kultur. Åra i Mali lærte meg å ikkje vere bastant i møte med andre menneske og deira erfaring, historie og liv.

## Kvifor vil du leie diakonitenesta i det nye fellesrådsområdet?

Diakonitenesta er særsla viktig for kyrkja, både no og i framtida. Eg har etter mange år i ulike roller, reflektert mykje rundt korleis kyrkja kan kommunisere med menneske og skapa møteplassar der alle kan bidra og kjenne seg heime. Eg likar visionar og heilskapstenking og vil gjerne dele desse med andre.

## Kva er diakoni?

Diakoni er evangeliet i praksis. Det er kyrkja si omsorgsteneste og har i 2000 år møtt menneske med ulike behov, vært ei bru mellom menneske og kyrkja. Diakonien er også opptatt av å møte dei behova som

ikkje blir møtt av andre instansar. Kyrkja sin diakoni kan møte menneske på ein annan måte enn offentlege hjelpeinstansar. For nokon er begge deler viktig.

## Kva vil du først fokusere på når du tek til i stillinga?

Eg vil bli kjend i kommunen, i kyrkja og kyrkjelydane. Eg kan ikkje setja i gang nye tiltak før eg veit kva som rører seg og kva ressursar som finst. Det skjer mykje godt diakonalt arbeid vest om bruha og kyrkjelydane er aktive. Dei som kjenner meg, veit at eg er særsla opptatt av samhandling mellom medarbeidarar av alle slag. Dette vil være noko som vil prege alt eg gjer.

## Kyrkja har ei viktig samfunnsrolle.

### Kva plass bør diakoni ha i eit lokalsamfunn?

Kyrkja sin diakoni har ei dobbel samfunnsrolle. På eine sida å samarbeide med alle gode krefter for å gjere lokalsamfunnet betre å bu i for alle som bur der. På andre sida skal diakonien vere ein røst som talar deira sak som ikkje vert høyrd av samfunnet og som kan påpeke manglar og foreslå løysingar.

Olav Martin Vik



Astrid Fylling (Foto: Yngvild M. Sørheim)

## ASTRID FYLLING

Alder: 61 år

Gift med Harald Fylling, har tre barn og 4 barnebarn

Vaks opp på 3 ulike stadar i Nord-Norge, Ramsund, Bø i Vesterålen og Rognan.

Utdanning: Sjukepleiar med psykiatri som spesialutdanning. Er også utdanna diakon.

Arbeid: Leiar diakoni/soknediakon  
Tok til i stillinga: 7. oktober

# Fire år blant samane

Etter at Trygve Hellesøy hadde vikariert som prest i Sund reiste han i 2002 til Kautokeino for å vera vikar der i fire månader. Han blei verande der i fire år, til han gjekk av med pensjon. Sjefen hans var sonen Arild, som då var prost i indre Finnmark.

Om desse fire åra var det han fortalte då han var gjest på Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i august. Og mange historiar hadde han frå denne tida, for å vera prest mellom samar og lestadianarar var annleis enn det han var van med.

## 14 fadrar

Ein av dei tinga som han ikkje var van med, var ei som ville ha 14 fadrar til ein barnedåp. - Heilt vanleg, sa sonen som altså var prost i området. Dette var ein samisk tradisjon som hadde noko med forpliktingar av økonomisk art å gjera.

Heimedåp var svært vanleg. Så mykje som 99% av borna vart døypte heime, og så fort som mogleg. Dåpen måtte stadfestast i kyrkja med alle fadrane til stades, men det var ikkje snakk om å bli døypt på nytt. Det var òg viktig at dåpsvatnet ikkje måtte tømmast i vasken, men ein stad ute der det ikkje kunne trakkast på, t.d. inntil ein vegg.

## Gudstenesta

I gudstenesta vart den gamle liturgien frå 1920 brukt framleis, like eins Landstads gamle salmebok. Ja, det var ikkje mindre enn tre ulike samiske salmebøker.

Skriftemål og nattverd var vanleg. Ved skriftemål stadfestar ein ulike synder som presten seier fram, og deretter legg presten hendene på kvar einskild og tilgjev dei syndene.

Etterpå går ein over til nattverd, og då er det gjerne dei same som kjem fram. Men lestadianarane kjem berre til nattverd viss dei først har hatt skriftemål.

Preika skal vera lang. Det vart fortalt om ein som heldt ei preik som berre varte ein halv

time. - Han hadde det travelt i dag, var kommentaren.

## Brudevigsel

Når det vert feira bryllaup, kan det gjerne vera 1000 gjestar. Men før ein kom til bryllaupet, måtte brudgommen kome til brura saman med vener og fadrar. Brudgommen og mora spør om dei er velkomne. Brura kjem ut og seiar at dei er velkomne. Først då blir tenningga på bilar eller skooterar slått av. Så blir dei bedne inn til god mat. Etterpå skal dei til prestekontoret og skriva seg inn. Så drar dei heim til brudgommen sine foreldre.

No er det ikkje så vanleg å gifta seg. I enkelte tilfelle kan det vera konfirmantane som pressar på for at dei skal gifta seg.

## Dødsfall

Når nokon døydde, måtte presten vera til stades før personen kunne takast ut frå heimen. Han måtte òg vera med når liket skulle fraktast til kyrkja.

Ein gong galdt dødsfallet ein som var drepden. - Kva gjer eg no? tenkte Trygve Hellesøy. Dette var ein ny situasjon. Han snakka først til mora. Sorg var det berre kjærasten som viste. Hellesøy stilte spørsmålet om det var noko kriseteam i Kautokeino. Nei, det hadde dei ikkje, men for første gong kom det eit kriseteam på plass der òg.

## Store høgtider

Lestadianarane har ikkje juletre, men dei har mange møte i jula, eller stemne kan vi vel kalla det.

I påska hadde dei festival. På påskedagen var det fullt i kyrkja. Påska er gjerne siste frist for både konfirmasjon og bryllaup, for når påska er over, drar samane til kysten med reinen.

- Kvifor er presten så velkommen heim, spurde han ein gong ei dame.

- Han har jo med seg Guds rike, var svaret.

Ola Otterå



*Trygve Hellesøy skulle vera prestevikar i Finnmark i 4 månader. Han var der i fire år. I høve temaet for dagen hadde han kledd seg i ei samekofte på føremiddagstreffet.*

## Julemesse i Kyrkjekjellaren

Det blir julemesse og basar i Kyrkjekjellaren i Sund laurdag 16. november kl. 12.00 - 15.00.

Kafé med risengrynsgraut og gode kaker.

Det blir song av Betweeneskoret og andakt ved Anette Børnes.

Åresal, tombola og trekking av loddboer.

Inntekta i år vil bli brukt til å kjøpe nye stolar i Kyrkjelydssalen.

Dei vi har no er frå 70-talet.

Vi håper på at Sundsokningane støttar oss med gevinstar, loddkjøp, kjøp av kaker og syltetøy på julemassa, kanskje bake ei kake, eller hjelpe oss med oppgåver under julemassa, vaske opp, selje árar, eller andre av dei mange oppgåvene som må løysast for å gjere

stunda til ei hyggjeleg førfjulsoppleveling for mange.

Arrangør er Sund sokneråd ved ein julemessekomite

## Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram utover hausten med veksling mellom Kyrkjekjellaren i Klokkarvik og Kyrkjelydshuset på Kausland. Dei startar med ein felles lunsj før gjesten taler om sitt tema. Føremiddagstreffa er siste onsdagen i månaden kl 11.30.

### 30.10 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik

Gjest: Annbjørg Barane

Tema: Set mot i kvarandre

### 27.11 Kyrkjelydshuset, Kausland

Gjest og tema ikkje klart



«Vi er saltet på jorda» var temaet som Kjell-Asle Børnes tok føre seg på Føremiddagstreffet i september.

## - De er saltet på jorda!

- Korleis skal vi vera kyrkje på denne jorda, korleis framstå, kva skal tyngdepunktet vera, skal vi vera frimodige eller mindre frimodige? Dette var spørsmål som Kjell-Asle Børnes stilte i innleininga av innlegget sitt på føremiddagstreffet i Kyrkje-lydshuset på Kausland i september.

Eit svar fann han i Matt 5,13 der det står at «De er saltet på jorda!» Denne typen salt må vi ikkje redusera. Saltet skal prega (gjennomsyra) alt. Det skal bevara mot forrotning, men det skal òg gje smak slik at vi får lyst til å smaka.

- Som kristne ER vi saltet i verda, ikkje *skal vera*. Vi skal tru at vi er noko, sjølv om dette er imot jantelova, sa Kjell-Asle Børnes. - For mister saltet si kraft, då går verda i opplysing.

Kjell-Asle meinte òg at dei kristne ikkje skal vera saltklumper som rottar seg saman. - Vi må gjennomsyra, sa han. - Men vi må få nye krefter, difor må vi også samlast, t.d. i kyrkja.

Kva mandat har eg så? Som kristne er vi sendebod for Kristus. Vi er ei utvald ætt som skal forkynna Guds ord. Men korleis? Ved å vera eksempel der eg er. - Vi skal prøva å vekkja kvarandre ut av likesæla, meinte Kjell-Asle. - Vi skal hindra at verda rotnar. Gje ein appetitt på Jesus, slik at andre vil venda seg til Han.

Eit vers som vi lærte på søndagsskulen meinte Kjell-Asle Børnes kunne vera eit motto for liva våre: «Dette lille lyset mitt, det skal skinne klart.»

*Ola Otterå*

## KUNNGJERING OM GRAVLEGGING OG OPPTAK AV GRAV

Denne kunngjeringa gjeld for gravplassane i nye Øygarden kommune.

Ved opptak av ny grav på eit gravfelt vil gravferdsforvaltninga alltid ta opp grav i forlenging av eksisterande grav i ei rekke. Dette gjeld også dersom ein festar ei grav ved sida av den grava som vert tatt opp. Den festa grava kjem alltid i forlenging av den første grava, enten ein tek opp graver mot høgre eller venstre på ei rekke i eit gravfelt.

Ordninga gjeld frå og med oktober 2019.

Oktober 2019  
Kyrkjevestra i Øygarden

DEN NORSKE KYRKJA



Bli med på  
**Salmekveld i Sund kyrkje**

**4. desember kl. 19.30**

Vi syng fine kjende og ukjende

**adventsalmar**

Kom gjerne på ei enkel uformell  
*øving for forsongargruppe:*

Tysdag 26. november kl. 19.30 – 21.30

**Kontakt:** Irina Tarasova, kantor i Sund  
E-post: [irina.piano.84@gmail.com](mailto:irina.piano.84@gmail.com)  
Tel: 47450606



Ei forsongargruppe med både born og vaksne sørga for at det bli godt med song i gudstenesta.



Etter oppstartgudstenesta kunne ein forsyna seg med vaflar og/eller lappar.

## Oppstart-gudsteneste

Familiegudstenesta i Sund kyrkje 1. september var også ei oppstartgudsteneste der det som skal føregå i kyrkjeleg regi utover hausten vart presentert. Hildegunn Børnes Myklebust er ansvarleg for flere av dei aktivitetane som skal skje, slik som myldredagar både i kyrkjekjellaren og i kyrkjelydshuset på Kausland, Betweensklubb for 4. klasse og oppover i kyrkjekjellaren. I tillegg er det to barnekor som øver jamt og trutt, Stjernekoret for dei fra 4 år til 3. klasse og Betweenskoret for dei som er eldre. Dag R. Pettersen fortalte m.a. om ei ungdomsgruppe som vert kalla Boost.

Eigentleg var det meiningsa at ein etter gudstenesta skulle grilla i ein lavvo i Klokkarvik, men sidan været var usikkert vart ein verande i kyrkja og hadde meir vanleg kyrkjekaffi, sjølv om det var høve til å grilla her òg.

Olai Otterå

# Dåp av tvillingar i Kausland kyrkje



*Ofta er det ein, kanskje to born til dåpen i same gudstenesta. Men søndag 8. september, den søndagen då det var konfirmantpre-*

*sentasjon i Kausland kyrkje, var det ikkje mindre enn fem born som vart døypte. Mellom desse fem var det to som var tvillingar*

*og som vi ser blir døypte på biletet. Det er Henrik og Olai Storebø.*

FOTO: OLAI OTTERÅ

## Nye festeavgifter og nye vedtekter for gravplassane i nye Øygarden kommune

Som følge av kommunesamanslåinga vil det med verknad frå 01.01.2020 kome nye festeavgifter. Festeavgifter vert fastsett av kommunestyret saman med andre avgifter i kommunen. Det vert like avgifter for alle gravplassane i heile den nye kommunen. Dette kan medføre endra avgifter i høve til i dag. Festeavgiftene vert kunngjort på våre nettsider og i kyrkjeblada.

Fra 01.01.2020 vert det innført nye vedtekter for gravplassane i heile den nye kommunen. Vedtektena vert kunngjort på våre nettsider og i kommande kyrkjeblad. Vedtektena regulerer alt som skjer på gravplassane, også godkjenning av oppsetting av gravminne.

Olav Martin Vik  
kyrkjeverje



## Julemarknad

på Arbeid og Opplæringsenteret  
(underetasjen på Aktivitetssenteret i Skogsvåg)

Torsdag 5. desember kl. 10 – 15

Sal av sjølvlagda produkt  
Kafé

Vipps og kontant



## 40.000 kr til Kirkens Bymisjon

Det var ganske folksamt på Aktivitetssenteret i Skogsskiftet då foreininga Flittige Hender hadde basar der i september. Det var fullt rundt borda, og folk forsynte seg med gratis kaffi og kaker.

Det var to åresal, og salet gjekk strykande. Dei hadde

øg selt over 50 loddboeker. Trekkinga av både åresala og loddboekene gjekk greit unna, og mange kunne ta med seg fine gevinstar heim.

Heile 40.000 kr kunne dei 5 kvinnene i foreininga gje til Kirkens Bymisjon etter denne vellukka basaren.

*Mange hadde funne vegen til Aktivitetssenteret då foreininga Flittige Hender hadde basar der til inntekt for Kirkens Bymisjon.*

(FOTO: OLAI OTTERÅ)

## Konsert i Sund kyrkje

Sund Blandakor vil arrangere konsert i Sund kyrkje  
måndag den 9. desember 2019 kl. 1900.

Sund Blandakor blir dirigert av Ann Jorun Hillersøy og akkompagnert av pianist/organist Harald Holtet og bassist Torbjørn Hillersøy.

I tillegg vil eit nystarta kor, Havbris, også dirigert av Ann Jorun Hillersøy, samt Sund Brass og Sund Toraderklubb delta.

Gå ikkje glipp av dette høvet til å få med deg ei rikhaldig musikalsk og juleprega oppleving.

Inngangsbillett: kr. 200, born under 12 år er gratis.

Temakveld  
Å møte hverandre i sorgen



Foldnes | 30.10.19  
kyrkje | kl. 19.00

Erdal | 31.10.19  
kyrkje | kl. 19.00

Foredrag ved Rune Stray instituttprøst,  
Institutt for sjelesorg, Modum Bad.

Musikkinnslag ved Marius Vedvik på  
fiolin og Marit Birkedal Aas på piano.



Enkel bevertning

Alle er hjertelige velkomne



*Det er m.a. ulike spel ein kan aktivisera seg med på Boost.*  
Foto: LAILA MORTENSEN



Ahhh, då er vi endeleg i gang med Boost!

Boost, som betyr krafttilførsle, er namnet på ungdomsmiljøet i kyrkjene i Sund!

#### Når?

Vi samlast kvar einaste tysdag, kl. 18.30-21.30.

#### Kva skjer?

Kl. 18.30 møtest vi og går i gang med å lage fantastisk middag saman. Dei som vil, hjelper til med middagen på kjøkkenet, dei andre chiller, pratar, speler bordtennis, biljard, brettspel, diggar musikk og er til stades utan det minste prestasjons-

krav. Vi brukar god tid på å ete maten og prate om alt mellom himmel og jord. Etter måltidet har vi eit kvarter med bibel-prat, og denne hausten stiller vi eit kort, men stort spørsmål: «Jesus?». Vi har også kule leiker og konkurransar. Ein typisk Boost-kveld avsluttast med høve – for dei som vil – til å tenne lys og be eller vere stille i kyrkerommet.

#### Tur

Boost dreg også rett som det er på turar!

Vi har vore på ungdomsfestivalar i Stavanger, og her i vårt eige område har vi

bowla på Vestkanten, prøvd ut pølse-menyen på Trekkroneren i Bergen og hatt Krokettturnering på Gamlehaugen.

#### Kven?

Boost er for alle som vil vere med, frå 15 år til 20++

#### Kvar?

Boost er annan kvar gong i kyrkjekjellaren i Klokkarvik og i kyrkjelydshuset på Kausland:

- 29. okt. Sund kyrkje
- 05. nov. Kausland kyrkje
- 12. nov. Sund kyrkje
- 19. nov. Kausland kyrkje
- 26. nov. Sund kyrkje
- 03. des. Kausland kyrkje
- 10. des. Sund kyrkje
- 17. des. Kausland kyrkje
- Juleferie
- 07. jan. Kausland kyrkje

**Velkommen!**



## Hei, er du 11-åring i Sund?

Er du 11 år og har du lyst til å vere med på noko spennande?  
**Vil du vere med på Lys Vaken?**

Første sundag i advent er det nyttår i kyrkja.

Dette skal vi feire, saman med 11-åringar i kyrkjelydar over heile landet!

Så natt til 1. sundag i advent, altså frå laurdag 30. november til sundag 1. desember, inviterer vi deg til å bli med på Lys Vaken

Då skal vi bli kjent med kvarandre, med kyrkja og med Gud, vi skal ha leikar, ete god mat og sist, men ikkje minst, vi skal sove i kyrkja!

På sundag ét vi frukost saman før vi førebur oss til gudstenesta.

Meir info om Lys Vaken kjem snart til deg i eit brev i posten.  
Vi gler oss til å sjå deg.

Med venleg helsing  
**Dag Reidmar Pettersen**  
Kyrkjelydspedagog

**PERLER I HAVLANDET**

Tittel: Perler i Havlandet  
Fotograf: Marie Golten Pettersen

**Tekst og foto:**  
**Marie Golten Pettersen**

Ny bok med vakre steinbilete frå havlandet her i vest.

Boka kan kjøpast direkte frå forfattaren:  
[post@havlandet.com](mailto:post@havlandet.com)

Pris: 300 kr (+ ev. porto)

# Sorggruppe

## Kva er ei Sorggruppe?

Sorggruppe er eit fellesskap for deg som har mista ein av dine nærmaste. Dette er ein stad der du kan få prata om eiga sorg og sakn og du får lytta til andre si historie. Her er vi alle i same situasjon, og ein deler berre det ein sjølv ynskjer å dele.

Vi håpar på å bli 5 til 8 personar som møtest jamt åtte til ti gonger framover vinteren. Det er to leiarar i gruppa. Dei er ikkje profesjonelle behandlarar, men medmenneske som veit ein del om sorg i sin alminnelegheit og ynskjer å gå saman med dykk denne etappen.

Alle som deltar har teieplikt.

**Vi vil starte opp gruppa måndag 25. november kl. 19.00 - 21.00.**

**Vi møtest i Vestfløyen, Foldnes kyrkje.**

Ynskjer du informasjon om sorggrupper eller å melde deg på?

### Ta kontakt med:

Diakoniarbeidar Ellen Ebbesvik - mobil: 924 42 881,  
e-post: ellen.ebbesvik@fjell.kommune.no  
Diakoniarbeidar Hildegunn Børnes Myklebust - mobil: 477 07 698,  
e-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no  
Diakoniarbeidar: Bjørg Blom - mobil: 478 16 181,  
e-post: bjorg.blom@oygarden.kommune.no  
Eller Kyrkjekontoret: 55 09 74 40,  
e-post: post.oygarden@kyrkja.no

## Tårnet på Kausland kyrkje vert reparert

Det vart avdekkja eit stort vedlikehaldsbehov på tårntaket på Kausland kyrkje. Kommunestyret i Sund har no løyvd kr 1 030 mill. til reparasjon av taket. Vedtaket vart gjort i kommunestyret 17.9.

Det er lite truleg at arbeidet vert gjort i år, av praktiske grunnar. I alle høve skal me takke administrasjonen og kommunestyret i Sund som raskt responderte på eit akutt og nødvendig vedlikehaldsarbeid. Kyrkjeverja har også fått avklart med biskopen i Bjørgvin at arbeidet ikkje er søknadspliktig ovanfor dei og Riksantikvaren.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

## Sund og Landro med felles Juleprosjektkor

**Repertoar:**  
Varjert julemusikk

### Øving:

Onsdag 6. november i Fjell kyrkje kl. 18.15-20.45  
Onsdag 13. november i Fjell kyrkje kl. 18.15- 20.45  
Onsdag 20. november i Fjell kyrkje kl. 18.15-20.45  
Onsdag 27. november i Landro kyrkje kl. 18.15-20.45  
Torsdag 5. desember i Landro kyrkje kl. 17.30-20.00  
+ Mogleg øving laurdag 7. desember kl. 17.30-20.00

Generalprøve før konsert i Landro kyrkje:  
**Søndag 8. desember kl. 15.40 i Landro kyrkje.**

**Konsert kl. 17.30 til ca. 19.00.**

Ny generalprøve før konsert i Kausland kyrkje:  
**Søndag 22. desember i Kausland kyrkje kl. 16.00.**

**Konsert kl. 18.00 til ca. 19.00**

**Påmelding:**  
irina.piano.84@gmail.com - tel: 47 45 06 06  
elineolsen@yahoo.com

## Faste gravferdsdagar i nye Øygarden kommune

Kyrkjeverja i nye Øygarden kommune kunngjer ordning med faste gravferdsdagar med verknad frå 01.10.2019.

**Gravferdsdagar i Sund kyrkje og Kausland kyrkje**  
Tysdag kl. 10.30 og kl. 13.00. Torsdag kl. 13.00.

**Gravferdsdagar i Fjell kyrkje og Foldnes kyrkje**  
Tysdag og fredag kl. 10.30 og kl. 13.00. Torsdag kl. 13.00.

**Gravferdsdagar i Landro kyrkje**  
Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.30 og kl. 13.00.  
Torsdag kl. 13.00.

**Gravferdsdagar i Blomvåg kyrkje og Hjelme kyrkje**  
Onsdag kl. 10.30 og kl. 13.00. Fredag kl. 10.30.

**Tal på gravferder pr. dag**  
Gravferdsforvaltninga (seksjon kyrker og gravplassar) regulerer talet på gravferder for kvar dag. Klokkesletta som er angitt viser til kva tid gravferda kan verte lagt. Det er gravferdsforvaltninga som fastset dag og tid for gravferder.

Oktober 2019  
Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje



# Helgen-teikn

*Allehelgendsdagen* ligg framfor oss – då vi minnest dei som har gått foran oss.

Det er sårt å ha mista dei, og vi er mange som kjenner på savnet og klumpen i halsen. Og dermed skulle vi kanskje tru at Allehelgendsdagen er kledd i den lilla sørge-fargen?

Men slik er det ikkje. Denne dagen er tvert imot kledd i *kvitt*: Fest og jubelfargen!

Kvifor er det slik? Jau, fordi vi får høyra om den store kvite flokken som er så stor at ingen kan telja den!

I sitt veldige syn får evangelisten Johannes sjå inn i sjølvaste himmelen (Op 7). Der ser han ein jublende flokk i kvite klede. Og han får høyra at dette er dei som har vaska kleda sine og gjort dei kvite i blodet frå Lammet. (v.14)

M.a.o.: Det er flokken av *tilgitte syndarar* han ser. Og dette er det *første* teiknet på ein *helgen*.

For: Ein helgen er ein som satsar på Jesus og nåden!

Verken meir eller mindre er det det som skal til for å bli ein del av den store kvite flokken.

Men nettopp det å satsa på Jesus og vera i følgje med han – innebærer også å vera *lys* og *salt* i verda! Det blir vi *også* minna om på Allehelgendsdagen.

I følgje med Jesus skal vi få vera *lysberarar* for dei som famlar i mørkret. Og vi skal også få vera *salt* som framhevar smaken av Guds himmel og Guds rike på jord.

M.a.o.: Vi skal få leva nær

Gud, og nær menneske. *Det er også* eit *helgen-teikn*.

Dette er teikn på at vi er der *Gud* er, og der Gud så gjerne *vil* vera – han som gav avkall på sitt eige og tok på seg ein *tenars* skapnad.

Dermed handlar ikkje Allehelgendsdagen berre om dei som har gått foran oss. Den handlar også om oss som seiler vidare på livets hav! Og på den seilasen kallar Jesus oss til å vera berarar av Guds grenselause og

betingelseslause nåde og kjærleik i verda.

*Salige*, altså: *Lukkelege* er dei som har tatt imot denne gåva, seier Jesus. Himmelriket er deira!

Dermed er det *håpet* og *jubelen* som omkransar Allehelgendsdagen – sjølv om vi ikkje kjem utanom savnet og klumpen i halsen...

*Kjell-Asle Børnes*

## Andakten

Du kan ringja **Kirkens SOS** helle døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

## GRAVMINNEN



**Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen



**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
( samme hus som Ligningskontoret )

**Bergen & Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sæter, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



## Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner  
Lensmannsvegen 17B,  
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com  
Facebook: Redas neglestudio

## Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

**Klokka 17.00-19.00**

**Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje**

- 3. september
- 1. oktober
- 5. november
- 3. desember
- 7. januar 2020

**Kyrkjelydshuset på Kausland**

- 11. september
- 16. oktober
- 20. november
- 11. desember

**Middag -  
bibelfortelling -  
aktivitetar -  
fellesskap**

Ta med familien og kom,  
eller kom åleine.

## DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93

**Marmic**  
Klær og interiør  
 homestore.no  
Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



**BRANSJE:** INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO



SUND APOTEK  
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

## Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?**

**Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:  
klokkaroppgåver,  
kyrkjevertoppgåver eller  
kaffiveroppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
**477 07 698** eller på e-post:  
[hildegunn.bornes@sund.kommune.no](mailto:hildegunn.bornes@sund.kommune.no)

**Gjevartenesta  
i Sund kyrkjelyd:**

**Barne- og ungdomsarbeidet:**

Kto.nr.: 3628.50.65156

**Kyrkjelydsarbeidet:**

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**Sund Senter  
Blomster**

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**

formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## Nettside

### Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkjelydane i Sund. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

[www.kyrkja.no/sund](http://www.kyrkja.no/sund)

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

Vil du bli med på klubb?

### Betweensklubb

Vi starta opp fredag 30. august.

*Elles møtest vi:*

19. november, 17. desember,  
21. januar

**klokka 17.30 - 19.30**

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Frå 4. klasse og oppover.

Det blir:

**Leikar, aktivitetar,  
Bibelen, kveldsmat.**

Velkommen,  
og ta gjerne med ein venn!

### Korøving i Sund kyrkje

#### STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

**øver kl 17.30 - 18.30**

#### BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

**øver kl 18.30 - 19.30**

12. og 26. november

10. desember

Nye og gamle medlemer er  
velkomne!

### Onsdagstreffa

Onsdagstreffa på Aktivitetssenteret i Skogsskiftet held fram utover hausten. Enno er det to treff att i dette semesteret. Treffa tek kvar gong til kl 11.00. Det blir både mat og underhaldning.

Onsdag 4. september

Onsdag 2. oktober

Onsdag 6. november

Onsdag 4. desember

**Døypte****Gravlagde****01.09 Sund kyrkje**

Ella Dåvøy Natås

Casey Vilhelmsen Bork

**08.09 Kausland kyrkje**

Lavrans Hjørnevik Søreide

Oliver Matheo Birkenes Berge

Henrik Storebø

Olai Storebø

Elea Pedersen

**15.09 Sund kyrkje**

Espen Krog-Nygård

**22.09 Kausland kyrkje**

Nathaniel Rognsøy Østerholdt

**29.09 Sund kyrkje**

Kaja Sangolt

**06.10 Kausland kyrkje**

Johan Solberg Storebø

Gustav Olset Larsen

**20.10 Kausland kyrkje**

Sirianna Schütt

Gabriella Trellevik

**27.10 Sund kyrkje**

Thalia Sofie Eide

Albert Gustav Tellnes

**29.08 Kausland kyrkje**

Astrid Mortensen, f. 1932

**13.09 Kausland kyrkje**

Theodor Arthur Midtveit, f. 1935

**17.09 Kausland kyrkje**

Martha Dorthea Telle, f. 1935

**20.09 Kausland kyrkje**

Olaf Asbjørn Midtveit, f. 1954

**20.09 Sund kyrkje**

Sigrid Madsy Skjoldal, f. 1931

(bisetjing)

**03.10 Sund kyrkje**

Arnold Bjarne Sangolt, f. 1934

**10.10 Kausland kyrkje**

Anna Berit Søreide, f. 1932

**15.10 Sund kyrkje**

Lilly Fjeld, f. 1924 (bisetjing)

**DEN NORSKE KYRKJA****Sund sokn**

Telefon sentralbord: ..... 55 09 74 40

**Post- og besøksadresse:**Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

Det er mogleg å gjøre avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

**Ekspedisjonstid:**

Måndag - fredag ..... kl. 10.00 - 14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no**Nettside:** www.kyrkja.no/sund

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

**Soknepresten**Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97  
sokneprest 41 41 66 67  
E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no**Soknerådet**

Ny leiar i soknerådet var ikkje vald då bladet gjekk i trykken.

**PRESTETENESTA I SUND**Kontakt med prest mandag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **55 09 74 40****Samtale og sjølesorg**

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevest som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffested! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjølesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

**Ynskje om dåp**

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

**Solstrands**  
*Begravelsesbyrå as*

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**  
**GRAVFERD****Sund Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Kyrkjevegen 30,  
5378 Klokkarvik**Konto:** 3628.07.11645**Kontingent:** 250 kr pr. år**Redigering:** Olai Ottera**Redaksjon:**  
Olai Ottera ..... 928 93 057**E-post:**  
sund.sokneblad@bkkfiber.no**Trykk:**  
Bodoni AS, Straume**Opplag:** 2.950

Returadresse:  
Sund Sokneblad,  
Kyrkevegen 30, 5378 Klokkarvik



Prostiprest Michal Møgster hadde hausttakkegudstenesta i Kausland kyrkje søndag 6. oktober. Han plasserte seg ved sida av eit bord med både frukt og grønsaker då han heldt preika si.

## Haustattakkefest

Søndag 6. oktober var det haustattakkefest i Kausland kyrkje, denne årlege gudstenesta der ein takkar for den grøda vi får kvart år. Ein del av det vi har å takka for vart også vist fram i kyrkja. På eit bord framme i koret var det plassert både frukt og grønsaker og jamvel syltetøy òg.

Det var prostiprest Michal Møgster som hadde gudstenesta. I preika si peika han på ein del av det vi har å takka for, og

han stilte seg attmed bordet med frukta og grønsakene då han heldt preika.

Etter gudstenesta vart alt som var plassert på bordet, teke med bort i kyrkjebydhuset der det var laga til kyrkjekaffi. Dei som ville kunne ta med seg noko av frukta og grønsakene mot eit vederlag som saman med takkofferet gjekk til Kirkens Bymisjon.

Ola Otterå

## Millionoverskot i Ungdom i Oppdrag

Ungdom i Oppdrag hadde ein total omsetnad på 89,7 millionar kroner i 2018, melder bladet til organisasjonen, Mot Målet. Overskotet i fjar var på 4,7 millionar kroner.

Tala inkluderer alle dei ulike virkegreinene til misjonsorganisasjonen, mellom dei Hedemarken Friskole, UiO sine to barnehagar, hovudbasen Grimerud gard i Stange og forlaget Proklamedia.

UiO samla i fjar inn 12,1 millionar kroner til verksemda si. I ein kommentar til rekneskapen for 2018 seier UiO-leiaren, Andreas Nordli, at overskotet kjem grunna god drift ikkje berre i fjar, men gjennom mange år. Han syner òg til godt budsjettarbeid og nøysemd i verksemda og dessutan omorganisering av rekneskapssistema som har gjeve stor innsparing.

Omsetninga har auka over fleire år og speglar veksten i talet på studentar på disippeltreningsskular og andre kurs samt ei aukande mengd misjonærar og andre medarbeidrarar. Også her viser Nordli til gradvis vekst over fleire år. (KPK)



I PLUSS: Ungdom i Oppdrag-leiar Andreas Nordli kan gle seg over god økonomisk styring og utvikling for misjonsorganisasjonen. (Foto: Stein Gudvangen, KPK)

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 49

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 20. november